



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Norges forskningsråd
Postboks 564
1327 LYSAKER

Dykkar ref

Vår ref
22/1392-8

Dato
6. februar 2023

Tildelingsbrev til Noregs Forskningsråd 2023

1. Innleiing

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) gir i dette tildelingsbrevet styringssignal og tildeler midlar til Noregs forskningsråd (Forskningsrådet) for 2023. . Vi viser til Prop. 1 S (2022–2023), Innst. 13 S (2022-2023) og Innst. 16 S (2021-2022), vedtekne i Stortinget 15. desember og 20. desember 2022 i samsvar med innstillingane.. KDD viser også til tildelingsbrev til Forskningsrådet frå Kunnskapsdepartementet (KD) som etatsstyrande departement.

2. Mål, strategiske område og styringsinformasjon for Noregs forskningsråd

Forskningsrådet har fem mål:

- Mål 1: Auka vitskapleg kvalitet
- Mål 2: Auka verdiskaping i næringslivet
- Mål 3: Møte store samfunnsutfordringar
- Mål 4: Eit velfungerande forskningssystem
- Mål 5: God rådgeving

Vi viser også til KD sitt tildelingsbrev som etatsstyrar for nærare omtale av mål, strategiske område og styringsinformasjon.

2.1 Sektorpolitiske prioriteringar frå KDD

Tildelingane frå KDD til Forskningsrådet skal i særleg grad medverke til måloppnåing under mål 2: Auka verdiskaping i næringslivet og mål 3: Møte store samfunnsutfordringar. KDD legg spesielt vekt på breie tverrgåande satsingar på departementet sine ansvarsområde, slik at spørsmål om val og demokrati, lokalt demokrati og lokalt sjølvstyre, statleg styring av

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Administrasjonsavdelinga

Saksbehandlar
Anny Skarstein
22 24 49 12

kommunane, styrings- og samarbeidsformer i offentlig sektor, økom, digitalisering og innovasjon, sentralisering/desentralisering og planleggings-, utbyggings- og utviklings spørsmål blir sett i ein samanheng.

KDD er opptatt av forskning som medverkar til eit sterkt demokrati, næringsutvikling, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt.

Samfunnsoppdrag (missions) er eit nytt verkemiddel i Horisont Europa (HEU). KDD har overordna ansvar for å følgje opp samfunnsoppdraget på Klimanøytrale og smarte byar på departementsnivå. Verkemiddelaktørane i det nasjonale støtteapparatet for HEU har ei sentral rolle i det operative koordinerings- og mobiliseringsarbeidet, og KDD vil legge vekt på eit tett samarbeid med Forskningsrådet i oppfølginga av dette samfunnsoppdraget.

2.2 Styringsinformasjon

Når det gjeld omtale av styringsinformasjon for dei fem måla, viser vi til Kunnskapsdepartementet sitt tildelingsbrev som etatstyrar, punkt 3 Mål, strategiske område og styringsinformasjon for Noregs forskingsråd.

Styringsinformasjon for dei sektorpolitiske prioriteringane går fram av struktur og forventingar til rapporteringa i vedlegg til årsrapporten (departementsvise rapportar). Vi viser til punkt 5 Rapportering for 2023 i dette tildelingsbrevet for presisering av kva sektorpolitiske prioriteringar KDD ventar at Forskningsrådet skal rapportere på.

3. Budsjettildelingar og fullmakter for 2023

KDD stiller i 2023 totalt 203,9 mill. kroner til disposisjon for Forskningsrådet. Tildelingane gjennom Forskningsrådet skal medverke til å styrke kunnskapsutviklinga og forskingsinnsatsen i, for og med dei mindre distriktskommunane

3.1. Forskingssatsingar, kap. 500, post 50 og kap. 541, post 50.

KDD stiller totalt 47,8 mill. kroner over kap. 500, post 50 Forskningsprogram og 130,3 mill. kroner over kap 541, post 50 til disposisjon til ulike forskingsprogram.

Midlar tildelt Forskningsrådet over kap. 500, post 50 og kap. 541, post 50 skal i hovudsak ta vare på det breie sektoransvaret for forskning, med særleg vekt på anvend eller bruksretta forskning. Midlane skal medverke til langsiktig kompetanse- og kunnskapsoppbygging innanfor ansvarsområda til KDD. Løyvingane skal underbygge og gje eit godt grunnlag for faglege og politiske avgjerder, og medverke til at det finst kompetente forskingsmiljø innanfor departementet sitt sektoransvar.

Kap. 500, post 50

Satsingar	Budsjett [tal i tusen]
DEMOS	35 400
INNOFFARENA	3 100
JPI Urban Europe/Driving Urban Transitions	2 800
SAMISK	3 500
SAMKUL	3 000
SUM	47 800

DEMOS-programmet (2015-2024) skal medverke til å utvikle kunnskapsgrunnlaget for demokratisk og effektiv styring, planlegging og forvaltning. Prosjekta rettar seg mot offentleg sektor, sivilsamfunnet og innbyggjarar. DEMOS skal vere relevant og nyttig for dei som førebur og fattar vedtak og andre brukarar, og for offentleg debatt. Vidare skal Forskingsrådet utvikle kunnskapsgrunnlaget for og innovasjon i offentleg sektor. Programmet skal skape fruktbare møteplassar og finansiere forskingssamarbeid på tvers av fag og forskingsmiljø, og mellom forskingsmiljø og offentleg sektor, slik at relevante tema og problemstillingar blir breitt opplyst.

Tildelinga skal vidareføre satsingane på forvaltninga av valforskningsprogramma, regionaløkonomiske modellar, samt den særskilde satsinga innanfor planfeltet fram til og med 2024.

INNOFFARENA skal medverke til innovasjon i kommunesektoren gjennom å utvikle ny kunnskap, og å syte for eit betre samspel mellom kommunesektor, forskingsmiljø og andre kunnskapsaktørar.

Norge har forplikta seg til å delta i partnerskapet Driving Urban Transitions under Horisont Europa gjennom ein Grant Agreement. Partnerskapet er utvikla med utgangspunkt i JPI Urban Europe. Forskingsrådet er fullverdig partner og departementet er assosiert partner. Aktivitetane i partnerskapet må sjåast i samanheng med oppfølging av samfunnsoppdraget Klimanøytrale og smarte byar. KDD legg til grunn at Forskingsrådet følgjer opp arbeidet i dette partnerskapet.

Det er sett av 3 mill. kroner til SAMKUL. Midlane skal finansiere forskning som gjeld nasjonale minoritetar.

Kap. 541, post 50

Satsingar	Budsjett [tal i tusen]
IKTPLUS	83 685
CRNA	12 808
Simula@UiB	5 322
SIMULA - Grunnløyving	21 795
SAMRISK II	1 090
EDOS	5 600
Sum	130 300

Posten er redusert med 22 mill. kroner for å frigjere midlar til andre tiltak. Løyvinga er på 130,3 mill. kroner. På grunn av negative avsetjingar skal det ikkje gjerast nye utlysingar på IKTPLUS på denne posten i 2023. Eventuelle utlysingar i 2024 må avklarast med KDD på førehand, og i tråd med tidlegare føringar.

Forslingsprogrammet EDOS skal framleis medverke til å skaffe og spreie kunnskap om korleis offentleg sektor kan bli betre i å sikre gevinstar av digitaliseringsinvesteringar og unngå kostnadsoverskridingar. Programmet skal vidareføre det viktige arbeidet det gjer med formidling.

Elektronisk kommunikasjon

Midlane til ekomforskning skal bidra til forskning på elektronisk kommunikasjon, både når det gjeld tryggleik, teknologiske, næringsmessige og samfunnsmessige forhold. Viktige tema kan vere forskning på 5G og 6G, tinga sitt internett, samfunnstryggleik, transportnett og kjernenett, samt nasjonal og regional autonomi.

Midlane til ekomforskning skal også i 2023 fordelast mellom IKTPLUS i Norges forskningsråd og finansieringa av Simula Research Laboratory gjennom Forskningsrådet.

Grunnløyvinga til Simula blir vidareført. Via Norges forskningsråd mottek Simula ei grunnfinansiering og støtte til forskingssentera CRNA og Simula UiB. CRNA produserer mellom anna ein årleg rapport om norske mobilnett. Simula UiB utdannar kryptologar.

Simula og CRNA har blitt evaluert jamleg og resultatata frå evalueringane har vært gode. Det er ein føresetnad for støtte frå departementet at evalueringar blir gjennomført jamleg og at resultatata er gode. Neste evaluering startar etter planen i 2023.

3.2. Næringsutvikling, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt, kap 553 post 74

KDD stiller totalt 24,8 mill. kroner til disposisjon for Forskningsrådet under programkategori 13.50, kap. 553, post 74 - Klynger og innovasjon.

Tildelinga er ein del av den næringsretta innsatsen i regional- og distriktspolitikken. Innsatsen til Forskningsrådet skal finansiere ordninga Kapasitetsløft (tidlegare FORREGION). Kapasitetsløft skal styrke samarbeidet mellom forskings- og utdanningsmiljøa og næringslivet, og gi næringslivet tilgang til relevant utdanning og forskning i sin region på strategiske satsingsområde i tråd med regionale planar og strategiar. Ordninga skal også medverke til kunnskapsutvikling og erfaringsutveksling for å fremme kvalitet, læring og samarbeid mellom nasjonalt og regionalt nivå i arbeidet med forskingsbasert innovasjon.

Forskningsrådet skal i 2023 følgje opp Kapasitetsløftprosjekt som er sett i gang Framtidige utlysingar må avklarast med KDD på førehand.

Regionalt partnerskap og regionreform

Fylkeskommunane har det leiande ansvaret for å utforme regionale strategiar for utvikling, og å utvikle, samordne og følgje opp regionale mål for utviklinga i sitt fylke. KDD er opptatt av at Forskningsrådet har eit godt samarbeid med fylkeskommunane, Innovasjon Norge og Siva om dei regionale måla og strategiar for næringsutvikling. Samarbeidet skal gje ei klar arbeidsdeling mellom aktørane, og ein god regional infrastruktur for innovasjon. Departementet støttar opp om avtalane som er inngåtte mellom fylkeskommunar og verkemiddelaktørane på fylkesnivå.

Fylkeskommunane fekk frå 1. januar 2022 ansvaret for mobiliseringsdelen av FORREGION. Forskningsrådet skal fortsette å utvikle kunnskaps- og dialogarenaen med regionalt nivå og støtte fylkeskommunane i forvaltninga av FORREGION.

Oppdragsgjevaransvaret for FoU-program innanfor marin bioteknologi i Nord-Noreg (Mabit) vart overført til fylkeskommunane Troms og Finnmark og Nordland frå 2022. Prosessen knytt til overføringa av oppdragsgjevaransvaret er i gong, og departementet lagar i samarbeid med Troms og Finnmark og Nordland fylkeskommune forskrift for forvaltning av programmet.

3.3 Oppfølging av norsk deltaking i Programmet for et digitalt Europa (DIGITAL)

KDD stiller 1 mill. kroner til disposisjon for Forskningsrådet på kap.541, post 22 Utvikling, gjennomføring og samordning av IT- og ekompolitikken.

Det er vedteke at Digitaliseringsdirektoratet, Innovasjon Noreg og Noregs forskingsråd saman har det løpande ansvaret for oppfølging av norsk deltaking i DIGITAL.

Arbeidet skal gå føre seg med utgangspunkt i anbefalt organisering utarbeidd av Innovasjon Noreg, Digitaliseringsdirektoratet og Noregs forskingsråd og sendt KMD 8. februar 2021.

I 2023 er det sett av totalt tre millionar kroner på KDDs budsjett kap. 541 IT- og ekompolitikken, post 22 Utvikling, gjennomføring og samordning av IT- og ekompolitikken, til dette formålet,

der. KDD tildeler totalt éin million kroner til Noregs forskingsråd til drift av nasjonalt koordineringspunkt for DIGITAL i 2023. Framtidige finansieringsbehov for denne oppgåva blir behandla som del av dei ordinære budsjettprosessane.

KDD har det overordna ansvaret for å koordinere oppfølginga av norsk deltaking i DIGITAL og leier ei styringsgruppe for dette. Styringsgruppa skal brukast aktivt for å etablere effektiv samhandling for mobilisering til, og oppfølging av, norsk deltaking i DIGITAL. KDD avklarar i samråd med Noregs forskingsråd forholdet mellom styringsgruppa for DIGITAL og den ordinære styringsdialogen.

3.3 Disponering og utbetaling av midlar

Dei midlane KDD stiller til disposisjon for Forskingsrådet skal utnyttast effektivt og målretta. KDD gir Forskingsrådet fullmakt til å endre på fordelinga av midlar mellom program og verkemiddel innanfor løyvinga på ein post, så lenge måloppnåinga på posten blir sikra. Avvik frå spesifikke føringar i tildelingsbrevet og/eller vesentlege omdisponeringar skal alltid takast opp med departementet som tildeler midlar. Nye utlysingar må vere innan den økonomiske ramma for posten.

Midlane blir utbetalt i to like delar i februar og august.

4. Felles post for verksemdskostnader

Verksemdskostnadene over KD sitt kap. 285, post 55 skal dekke alle kostnader til drift av verksemda til Forskingsrådet, dvs. alle kostnader som ikkje er FoU-midlar som skal fordelast vidare. Unntaket er nasjonale fag-, tema- og institusjonsevalueringar som framleis vil bli finansiert gjennom FoU-midlane frå det enkelte departement.

KDD viser til tildelingsbrev frå KD som etatsstyrar for nærare framstilling av kva tenester Forskingsrådet skal ivareta for departementa innan ramma av midlane på posten for verksemdskostnader.

5. Rapportering

KDD ber om rapportering på dei sektorpolitiske prioriteringane som følgjer av omtalen av fordelinga under kap. 500, post 50, kap. 541, post 50 og kap. 553, post 74, slik det er utdjupa i punkt 2.1. i dette tildelingsbrevet.

Dei mest sentrale kriteria for måloppnåing for kap. 553, post 74 (Kapasitetsløft), er styrka regional forskingskapasitet for næringslivet sine behov, og at innsats for forskingsbasert innovasjon nasjonalt og regionalt forsterkar og utfyller kvarandre. Rapportering på bruk av midlane skal skje i tråd med struktur og forventingar til innhald i årsrapport for dei respektive rapporteringane til departementa. KDD ber om rapportering på geografisk spreing av forskingsmidlane på våre område, jf. m.a. kap. 553, post 74.

KDD ber om at Noregs forskingsråd si rapportering på bruken av tildelinga til oppfølging av DIGITAL for 2023 inngår i årsrapporten.

6. Planlagde styringsmøte

Det er lagt opp til skriftleg tilbakemelding på årsrapporten. KDD, i samråd med Forskingsrådet, vurderer om det også skal vere eit oppfølgingsmøte med utdjuping. Departementet vil gjennomføre eit styringsmøte hausten 2023 konsentrert om forslag til budsjett, utkast til tildelingsbrev og annan viktig informasjon i tråd med ønskje frå Forskingsrådet.

Med helsing

Christoffer Sandvik Engelsøy
avdelingsdirektør

Anny Skarstein
utgreiingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi